



Sunnfjord  
kommune

# Vurdering av strukturtiltak

## Tiltak 1 Ressursmodell for barnehage



Sist redigert  
xx.xx.xxxx

Arkivsak  
xx/xxx

Godkjent av  
xxxxx

# Innhold

<b>Tiltak 1 Ressursmodell for barnehage</b> .....	<b>3</b>
Beskriving av tiltak.....	3
<b>Konsekvensar</b> .....	<b>3</b>
Økonomisk effekt.....	3
Konsekvensar for barna .....	4
Konsekvensar for tilsette .....	4
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	4
Andre konsekvensar .....	4
<b>Effekt- og konsekvensmatrise</b> .....	<b>4</b>
<b>Konklusjon</b> .....	<b>5</b>

# Tiltak 1 Ressursmodell for barnehage

Start | 01.11.2024  
Slutt | 01.03.2025

## Beskriving av tiltak

Sektoren har ein modell som vart utarbeidd før ny kommune. Denne var ikkje godt nok forankra og innført i sektoren. Vi vil no gjennomføre eit arbeid med ny ressursmodell, for å kunne nå dei økonomiske utfordringane som kommunen står i. I tillegg vil vi sjå på bruk av ressursar som er sett av til spesialpedagogiske ressursar.

Utarbeiding av ny ressursmodell for tildeling av ressursar i barnehagane er viktig. Krav til modellen er fagleg forsvarleg og rettferdig. Modellen skal dekke ein periode på 8 år. Plan for innsparing og omstilling som er lagt i kommunen er utarbeidd for eit tidsrom på 8 år. Modellen skal vere enkel, lett å forstå for leiinga i kommunen og føre til effektiv drift. Modellen bør overlate mest mogeleg mynde til einingsleiar.

Barnetalet i Sunnfjord kommune går ned, og det er viktig å få ein ressursmodell som tar omsyn til nedgangen i barnetalet og som føl dagens administrasjonsressurs, pedagog- og bemanningsnorm.

Arbeidet med tiltaket startar i november 2024. Det vert utført i samarbeid med Agenda Kaupang AS.

## Konsekvensar

### Økonomisk effekt

Vi vil få 4/12 delar effekt i 2025, og full effekt frå 2026. Det er vanskeleg å seie noko om beløp før modellen er utarbeida. Modellen vil vere klar til bruk for barnehageåret 2025/2026. Modellen vil også gi oss rammene til den enkelte barnehagen for budsjettåret 2026.

Beløp i 1000

	Budsjettår	Økonomiplanperiode			
	2024	2025	2026	2027	2028
<b>Forventa effekt</b>					

## Konsekvensar for barna

Utarbeiding av ny modell til fordeling av ressursar vil ikkje ha konsekvensar for barna. Modellen tar omsyn til likebehandling og rettferdig fordeling av ressursane mellom barnehagane i kommunen.

## Konsekvensar for tilsette

Leiarar i barnehage, samt tilsette som har stillingar som assisterande einingsleiarar. Arbeidsoppgåvene til kommunalsjef vil bli enklare med fordeling av ressursar og ramme for økonomisk styring i sektoren. Vi vil få eit betre og meir føreseieleg system for bruk av dei spesialpedagogiske ressursane.

## Konsekvensar for lokalsamfunnet

Sjølve modellen vil ikkje ha konsekvensar for lokalsamfunnet, men modellen vil bli brukt for å sjå behovet for barnehageplassar fram i tid.

## Andre konsekvensar

Det ikkje påverke andre tenestetilbod.

## Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (raude tiltak).

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
	Låg		5	5	10	15	20
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

For effekt er 1 = veldig låg, 5 = veldig høg. For konsekvens er det motsatt. 1 = veldig høg, 5 = veldig låg.

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
5	5	20

## Vurdering

I effekt- og konsekvensmatrisa er tiltaket vurdert til høg effekt og låg konsekvens.

Samla plasserer tiltaket seg på grønt nivå.

## Konklusjon

Med dei økonomiske utfordringane Sunnfjord kommune står overfor har vi ikkje økonomi til å bruke fleire stillingar enn det er krav til etter norm.

Finansieringsordninga som gjeld og ressursmodellen vi har brukt, er godt eigna til aukande barnetal og kommunane sitt behov for å ha tilstrekkeleg tal barnehageplassar når barnetalet var stigande. Med dei demografiske endringane vi står ovanfor er det behov for å lage ny ressursmodell som er tilpassa reduserte rammer og lågare barnetal.

Budsjettmodellen skal vere et verkty for å styre samla kostnadar og fordele midlane mellom barnehagane, inkludert prognose på tilskot til private barnehagar. Funksjon 221 Barnehagelokale blir tatt med for å rekne ut tilskot til private barnehagar.

Med dette som bakgrunn må vi lage ny ressursmodell